

Foreldremøte 5.-7. trinn 20.09.2016

17 heimar møtte.

Kontaktlærarar Linn Stevnebø og Linn Merethe Myrtveit ynskja velkommen til møtet.

1. Informasjon om samarbeidsprosjekt med Utvandringssenteret og ein vennskapsklasse i Fergus Falls, Minnesota.

Dette året startar Austebygd og Rossland skule på Meland eit samarbeid med Utvandringssenteret, som er tenkt å vara over fleire år. I år ynskjer ein at samarbeidet med skulane i USA skal ende opp med å produsera ei vandreutstilling som tek sikte på å visa forskjellar og likheitlar mellom barn og ungdom i Noreg og Minnesota- den staten i USA med størst andel norsk-amerikanarar, ca. 20 %. Ein ser for seg å knytte kontakt med elevane i Fergus Falls gjennom brevveksling og liknande kontakt, før ein i desember skal ha ein workshop i digital historieforteljing. Tanken er då at elevane skal laga små digitale forteljingar om korleis det er å vera ung i Noreg i dag.

I forhold til at VUS og Museumssenteret ynskjer å bruka noko av dette materialet i utstilling og publikasjonar, syntes skulen det var naudsynt å orientera og diskutera korleis de føresette tenkjer rundt personvern og løyve til å publisera på nett. Foreldregruppa uttrykte på møtet at dette høyrast spanande ut, og at dei gjerne ville at borna deira skal delta i prosjektet. I forhold til digitale spor og publisering av bilete verka foreldra einige om at dei hadde tiltru til at skulen tok hensyn til desse tinga på ein god måte, og at dei løyva som allereie er gitt på skulen(fotografering etc) kan vera nok i første omgang. Ein blei einig om at dersom skulen ser det naudsynt kan ein hente inn vidare godkjenning frå dei aktuelle heimane seinare.

Informasjon om prosjektet:

History Link er eit samarbeidsprosjekt mellom skular i Nordhordland, Fergus Falls og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) avdeling Vestnorsk utvandringssenter (VUS). Hovudmålet er å etablere samarbeidsprosjekt der elevar og lærarar deler erfaringar og kunnskap med kvarandre. Det er vidare eit mål å knytte skulane tettare til VUS si formidling gjennom val av tematikk og publisering av prosjekta gjennom utstillingar – både fysiske og nettbaserte.

Organisering

Prosjektet er organisert gjennom ein søsterbyavtale mellom regionen Nordhordland og Fergus Falls i USA. Søsterbykommiteen i Noreg har per dd tre medlemmer og blir leia av direktør i MuHo, Atle Ove

Martinussen. I Noreg er det MuHo og VUS som har ansvar for planlegging, oppfølging og rapportering frå prosjektet. Følgande skular er med på prosjektet 2016-18: Rossland ungdomsskule (9. trinn), Austebygd barneskule (5.- 7. Trinn), Underwood Public School (6th grade) og Kennedy Secondary school (8th grade). Dei to barneskulane og dei to ungdomsskulane skal samarbeide og har særleg kontakt med kvarandre, men her er også høve til å utvikle større prosjekt som involverer fleire trinn. Det er eit mål at samarbeidet skal halde fram også etter prosjektperioden og såleis først vidare til nye klasser. Det er også eit mål å etterkvart trekke fleire skuleklassar inn modellen, både her i Noreg og i USA. Vi er i dialog med fagmiljø og skular i Brooklyn for å sjå korleis dei kan koble seg på.

Digitale forteljingar

MuHo har sidan 2009 brukt digitale forteljingar som ei formidling- og læringsform overfor grupper og skular. Formidlingsmetoden vil ha ein sentral plass i "History link". Digitale forteljingar består av ei forteljing som brukaren lagar sjølv, som blir satt saman med bilete til ein liten film. Alle, uansett førkunnskap, kan vere med å lage ein film der deira eiga stemme og forteljing vert høyr. Metoden er eit svært godt verkty til å fange og sikre dei mange gode historiene som finst der ute knytte til tematikken som vi arbeidar med. I tillegg er det lett for born og ungdom å ta teknologien i bruk. Sommaren 2016 gjennomførte vi ein to dagars workshop i Bergen for lærarane ved alle dei involverte skulane. I desember i 2016 held vi fram med to dagars workshop for elevane på dei norske skulane, og våren 2017 er det dei amerikanske elevane sin tur. Idéutvikling og planlegging skjer på skulane og i dialog med VUS i god tid i forkant av dei aktuelle workshopane.

2. Kort orientering om skulen sin aktivitetsplan og datoar framover

Det vert utviklingsamtalar i veke 45, juleverkstad 7/12 og juleavslutning 19/12. Det har komme innspel frå FAU på at ein ynskjer foreldrefest tidlegare på våren enn i fjor, kanskje med eit enklare program enn tidlegare år. Datoen for denne ver då 21/2. 7.trinn sine foreldre blei bedt å merka seg leirskule i veke..., og avslutningsfest for 7.klassingane ...

3. Vurdering

På Austebygd skule er ein oppteken av at eleven skal få god undervegsvurdering, og tilbakemelding på arbeidet dei gjer. Forsking viser at det er viktig at elevane får vera med å gjera dette vurderingsarbeidet. I tillegg til dei tilbakemeldingane og samtalan ein har i undervisningssituasjonen, kan elevane og heimen følgje med på kva som er forventa ved å sjå vurderingsark(sjå døme i naturfag, engelsk), læringsmål på planen og «trafikklysa» på lekseplanen. I tillegg får ein undervegsvurderinga til utviklingsamtalane og avsluttande vurdering i Visma til sommaren. Vurdering i Visma skal vera tilgjengeleg før samtaletimane. Nokre av foreldra uttrykte at dei syntes det var vanskeleg å logga inn på desse sidene i vår. Det blei vist korleis ein kan logga seg inn på Visma, og korleis ein finn fram der.

<https://skole.visma.com/radoy/>

4. It`s Learning

I tillegg til Visma har skulen eit anna verktøy for digital kommunikasjon, nemleg It`s Learning. It`s Learning er informasjonskanal i tillegg til ranselpost. Skriv og planar skal ligga her om ein treng å finna det. Vekeplanar finn ein på elevane sine sider, årsplanar og skriv til heimen finn ein på foreldresida. Det blei demonstrert korleis ein loggar inn og finn fram på desse sidene. Foreldra har felles passord og brukarnamn i kvar gruppe:

<https://radoy.itslearning.com>

Brukarnamn: 5.trinn

Passord: 5klasse

Brukarnamn: 6.-7.trinn

Passord:6og7klasse

5. Lesing

Arbeidet med lesing er framleis like viktig i storskulen, men fokuset endrar seg frå den reine avkodinga/å knekka lesekode til korleis ein kan lesa på ulike måtar, og ulike læringsstrategiar. Ein kan lesa på ulike måtar- det kan vera for å kosa seg, for å læra, for å følgje ei oppskrift eller ein bruksanvisning eller finna fram i ein busstabell. På skulen jobbar me mykje med det å hente ut informasjon, og nyttar læringsstrategiar som VØL, BISON, nøkkelord, skumlesing, leitelesing etc. Ved lekselesing kan det vera greitt å hjelpa barnet på førehand- førlesing- les bilete, kva forventningar har ein til teksten, kva ord og begrep kan vera vanskelege? Snakk om begrep og innhald i etterkant. Fekk bornet med seg innhaldet, forsto dei alle begrep?

Det er viktig å spela på lag med heimen, og at eleven også les mykje heime. Det blei gjennomført ein liten diskusjonsrunde på korleis foreldra tenker at dei kan bidra for at elevane skal bli gode lesarar. Dette var noko av det som kom fram:

*Det er lurt å lesa med borna. Gje borna leseglede, ikkje berre nytteverdi.
Dei likar fortsatt å bli lest høgt for! Venn dei til å låna ei bok på*

biblioteket, prøv gjerne teikneseriar eller billedbøker. Lån mykje forskjellig, og prøv å finna noko som fell i smak, Gjerne samanfall med hobbyar elles (fotball, hest..) Det er gull å finna ein bokserie barnet likar. Bruk lydbøker, enten åleine eller saman med boka i papirform. Ver gode leseforbilde, la gjerne barnet sjå deg med ei bok eller gjer oppmerksom på at ein les også ved nettaviser, bruksanvisningar etc. Premiering kan fungere for born som treng ei «gulrot». Ein kan skapa gode leseforhold ved å ta vekk forstyrrande element og andre alternativ, som diverse skjermar og musikk. Skap hygge rundt lesesituasjonen. Det blei og nemnt at det har vore motiverande tidlegare med leseaksjonar på skulen med konkurransar og liknande. Kanskje bibliotekaren kunne komme på besøk på skulen og vist fram litt nye spanande bøker og bokseriar?

Tips til gode nettsider om lesing- www.leseknappen.no

6. Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er eit viktig omgrep for norsk skule og i media for tida- korleis jobbar ein med dette på Austebygd skule? Ulike program som vert brukt systematisk i alle klassar- i storskulen DMV og ART. I tillegg har skulen TL-arbeidet i friminutta. ART- sosialt kompetanseprogram for å meistra følelsar/sosiale ferdigheiter. Gruppepress, baksnakking, sinnekontroll, moralsk resonnering, etikk. *Det er mitt val* går på dei same tinga- skulemiljø, samspel og følelsar, relasjonar, kritisk tenking.

Dette med sosial kompetanse er sjølv sagt prega av kva elevane har med seg heimafrå, og korleis de som foreldre involverer dykk i barnet sin skulekvardag og fritid, omgang med vener, kva tankar har de om korleis de snakkar om andre og inkluderer andre sine barn osv.

Her var det tenkt å ta opp korleis foreldra tenkjer at dei kan bidra for å auke trivsel, samhald og gje elevane eit godt klasse miljø, og om det er nokon reglar ein burde ha felles. sjå artikkel om ein klasse der ein har laga felles reglar: http://www.aftenposten.no/familieogoppvekst/Regler-er-tema-pa-foreldremoter-i-hele-Norge-Slik-har-denne-klassen-lost-det-631409_1.snd

Dette vart det ikkje tid til i denne omgang, men det er eit emne ein gjerne kan ta opp på neste foreldremøte.

Etter dette gjekk føresette til 5.trinn saman med Linn M. til sitt klasserom, og føresette i 6.-7.trinn saman med Linn S. til sitt klasserom.

I 6 og 7. trinn blei det samtala rundt klassemiljøet. Dei er ein flott gjeng med eit godt klassemiljø. Linn ynskjer allikavel og jobbe med at 6. og 7. trinn skal føle seg som ein felles klasse. Det blei snakka om leksemengd, Linn ber foreldre ta kontakt om nokon sitt i timesvis med lekser.


Litt laust og fast rundt eventuelle felles arrangement for å bli betre kjend både foreldre og elevar.

Minner om nokon viktige datoar for 7. trinn;

Leirskule veke 24 og Avslutningsfest for 7. trinn 20. juni. Sjå elles aktivitetsplan.

Linn informerer om kor viktig det er å kunne gangetabellane. Ber foreldre om å pugge desse saman med elevane.

Ref. Linn Merethe Myrtveit og Linn Stevnebø



Aktivitetsplan - 2016/2017 Austebygd skule

Veke	Dato	Aktivitet	Ansvar
33	15/8-17/8	Planleggingsdagar eigen skule	Leiing/ped.personale
33	18/8	1.skuledag for elevane	Leiing/personale
	15/9	FAU-møte.	Leiing + FAU-leiar
	15/9	Møte m/foreldrekontaktane	Kontaktlærarane
	20/9	Foreldremøte på SFO	Leiing/SFO-personalet
	20/9	Foreldrerådsmøte	Leiing + ped.personale
	20/9	Foreldremøte 5.,6. og 7.klasse	Kontaktlærarane
	21/9	Foreldremøte 1.-2.klasse	Kontaktlærar
	22/9	Foreldremøte 3.-4.klasse	Kontaktlærar
41		Skulen sin haustferie	
42	21/10	Markering av FN-dagen m/månadssamling	Skulen + bhg
42-44		Elevsamtalar i alle klassane - alle elevane	Kontaktlærarane
45 (+ ev. 46)		Foreldresamtalar i alle klassane	Kontaktlærane
		Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Kursreg./ Leiing
49	7/12	Juleverkstad	Lærarane
50	15/12	Julegudsteneste skule-bhg kl.08.15	Sk + bhg + presten
51	19/12	Juleavslutning på Samf.huset kl.18.00	Sk + bhg + føresette
51	20/12	Julegraut for skulen+bhg - skuleslutt kl.11.15	Sk + bhg + 7.klasse
1	2/1	Første skuledag etter nyttår	
5	3/2	Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Kursreg./leiing
	16/2	”Skule-lunsj” - for skulen og bhg	Lærer i M&H + 7.kl.
8	21/2	Foreldrefest 5.- 7.klasse	Kontaktl./foreldrekont.
8	23/2	Foreldrefest 1.- 4.klasse	Kontaktl./foreldrekont
9		Skulen sin vinterferie	
11	14/3	Foreldremøte i 3.-4.klasse	Kontaktlær. 3.-4.kl.
11	15/3	Foreldremøte i 5.-7.klasse	Kontaktlær. 5.+ 6./7.kl
11	16/3	Foreldremøte i 1.-2.klasse	Kontaktlær. 1.-2..kl.
14	7/4	Påskekafe	7.klasse + sk + bhg
15-16	10/4 - 17/4	Påskeferie	
13-14		Elevsamtalar i alle klassane - alle elevane	Kontaktlærarane
17 (+ ev. 16)		Foreldresamtalar i alle klassane	Kontaktlærarane
21	26/5	Fridag for elevane – planl.d. lærarane	Leiing+ped.personale
24	12/6-16/6	Leirskuleveke for 7.klassingane	Leiing+kontaktlærar
24		Ein eksursjonsdag for 1.-6.klasse	Kontaktlærarane
24	15/6	Sommaravslutning med grillfest	Sk+bhg (prog.)+ FAU
25	20/6	Avslutningsfest for 7.klassingane	Skule+føresette i 7.kl.
25	22/6	Siste skuledag i 16/17 – skuleslutt kl.11.15	

